

Tenneelva Fallrettseigarlag.

Kommentar til høyringsuttalar til søknad om bygging av Tenneelva Kraftverk, Syvde, Vanylven Kommune

Vi viser til e-post frå NVE datert 27.05.13 med lenkje til høyringsuttalar til søknad om bygging av 6 småkraftverk i Vanylven og Vågsøy kommunar og i blant dei Tenneelva Kraftverk i Syvde.

Hovudmoment frå høyringsuttalen og søkjar sine kommentarar:

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjar sin kommentar
1	Møre og Romsdal fylkeskommune	a. Inntaket ligg høgt og i nærområde er det framkome fangstrelaterte fornminner av svært høg alder i tilsvarende område. Mindre arkeologisk registrering er kravd i inntaksområdet, øvre del av røyrgate og anleggsveg b. I kommuneplanen til Vanylven kommune er reiseliv eit satsingsområdet og det er difor viktig å ta vare på landskapskvalitetar og med god estetisk utforming.	a. OK b. Bygningar og andre installasjonar vil bli tilpassa landskap og nærmiljø. Sjå kommentarar under pkt nr 2 og pkt nr 3 for landskapskvalitetar.
2	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	a. Rår klart i frå konsesjon med omsøkt teknisk løysing. b. Ville sett tydlegare konkretisering av verknader av tiltaket på naturmiljø langs vassdraget c. Bortfall av vatn, røyrgate i dagen og veg i bratt fjellside vil vere uheldig for landskapet i dalen.	a. Fallrettseigar ynskjer å gjere landskapsmessige tilpassingar som gjer utbygginga mindre konfliktyfullt, sjå under c. nedanfor. b. Sidan det ikkje vart gjort spesielle funn verken av fuktkrevjande artar eller andre artar i området, vart det ikkje sett nærare på konsekvensane av tiltaket for trivielle og vanlege artar. c. Borhol vil bli nytta istadenfor røyr i dagen. Vi viser til notat datert 23.05.13 vedrørande borhol og flytting av stasjon. Fallrettseigarane vil akseptere ei løysing <u>utan permanent veg til inntaket</u>, trass i at det er tenleg med ein smal veg for lettare tilsyn med inntaket i driftsfase. Dette vil i sum halvere dei permanente terrenginngrepa i høve til omsøkt løysing og vidare vil INON-området berre verte redusert med om lag 0,3km². Fallrettseigarane vil også akseptere <u>auka</u>

Tenneelva Fallrettseigarlag.

Kommentar til høyringsuttalar til søknad om bygging av Tenneelva Kraftverk, Syvde, Vanylven Kommune

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjar sin kommentar
			<u>minstevassføring i sommarmånandene</u> , dvs 5%-persentilen (55 l/s) istadenfor allminneleg lågvassføring (29 l/s), som vi meiner vil vere akseptabelt for fuktkrevjande artar og gje ein tydleg vasstreng i fossane. Det bør også understrekast at kraftverket ikkje har magasin og elva vil renne på overløp i flaumperiodar. Då vil stryka opplevast som ved dagens situasjon.
3	Naturvern-forbundet i Møre og Romsdal	a. Felles kommentarar til alle småkraftverk under konsesjonshandsaming i Vanylven og Vågsøy kommunar: Kommentarar til høyringsperioden, handsaming av pakkar, referansar til vassdirektivet og oppfølging av konsesjonsvilkår b. Viser til Arnold Nordal sine skildringar av dalen og fossane/elvestryka i boka «Jofolket» og ber om at minner og kjensler knytte landskapet i Norddalen og til Tenneelva vert lagt vekt på. c. Å leggje røyr i dagen er ikkje akseptabelt d. Framføring av veg i bratt fjellside og ope fjellende er ikkje akseptabelt. e. Røyrgate, veg og inntak vil syne godt att i landskapet.	a. Dette let vi NVE kommentere. b. Boka «Jofolket» er ei bok om slektshistorie som A. Nordal gav ut på eige forlag og finnest per i dag ikkje i handelen i leiiande internett-bokhandlarar. Vi kan heller ikkje sjå at boka vert henvist i andre kjelder. Dette understrekar at landskapet i Nordalen og Tenneelva har lokal verdi, men ikkje regional eller nasjonal. Fallrettseigarane opplever at den lokale motstaden mot utbygginga er representert ved eit klar mindretal av dei som bur og lever i Nordalen. Utnytting av fallet i Tenneelva vil gje betre økonomi til fallrettseigarane og bidra til å oppretthalde busetjinga og landbruket i dalen. c. OK. Borhol og nedgravd røyrgate vil bli nytta d. Fallrettseigarlaget ser det teneleg med ein smal veg opp lia for tilsyn med inntaket, men vil likevel akseptere at anleggsvegen vert midlertidig. e. Sjå pkt c. og d. for røyrgate og veg. Dammen vil verte ein låg terskel i elva og lukehuset vil vere lite (maks 10 m²), utført i tre og måla i jordfargar. Dette vert knapt synleg på avstand.

Tenneelva Fallrettseigarlag.

Kommentar til høyringsuttalar til søknad om bygging av Tenneelva Kraftverk, Syvde, Vanylven Kommune

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjjar sin kommentar
		f. Stasjon og stasjonsområde vil gripe inn i kulturlandskapet . g. To turruter er merka forbi inntaket i følge «Turkart Vanylven». h. Tapa av reint målbare biologiske kvalitetar veg mindre enn inngrepa i landskapet.	f. Stasjonen er vurdert flytta til snuplass ved fylkesvegen på andre sida av elva. Sjå notat datert 23.05.2013. Vatnet vil bli ført tilbake i Tenneelva i røyr, ikkje i kanal til Bruelva som skildra i notatet. g. Vi reknar med det er snakk om ein sti. Sjå pkt e. vedrørande utforming av inntaket. Inntaket vil bli mykje mindre synlege i terrenget enn eksisterande kraftlinjer i området. Vi meiner vidare at veg opp den bratte delen av lia vil leggje til rette for meir bruk av den fine naturen aust for Nordalen. h. Dette samsvarer med våre vurderingar.
4	Tussa Nett AS	a. Tenneelva vil produsere effekt inn mot Åmela transformatorstasjon. Forsterking av 22kV nettet frå Aksnes til Åmela (7,6 km) er naudsynt. b. For regionalnettet må løysingar finnast for å få ut meir produksjon ut av området. Dette vil utførast i samråd med SFE. c. Ikkje mogeleg med tilkopling til sentralnettet før Ørskog-Fardal er ferdig i 2015	a. OK. Eventuelle relevante anleggsbidrag i samband med lokalnettet og lokal transformorkapasitet vil bli akseptert. b. Vi stolar på at Tussa Nett og SFE finn best tenlege løysing når dei veit kva kraftverk som vert utbygde. Det er ikkje aktuelt for Tenneelva Kraftverk å bidra økonomisk til regional infrastruktur. c. OK. Med konsesjonshandsaming i 2013, planlegging i 2014 og bygging i 2015 høver dette godt med våre framdriftsplanar.
5	Istad Nett	Stiller seg bak uttalen frå Tussa Nett, sjå pkt 4	OK
6	Inge BrudeVoll, Syvde Jon Reidar Nordal, Syvde	Ynskjer ikkje at konsesjonssøknaden skal stå i namnet åt Fallrettseigarlaget grunna økonomisk risiko.	Konsesjonssøknad medfører <u>ingen økonomisk risiko</u> for Tenneelva Fallrettseigarlag og motstrider ikkje vedtektene til fallrettseigarlaget. Ei eventuell utbygging vil bli organisert i eit eige selskap som leiger fallrettane. Utbyggingsselskapet vil bli etablert so snart konsesjon ligg føre.

Tenneelva Fallrettseigarlag.

Kommentar til høyringsuttalar til søknad om bygging av Tenneelva Kraftverk, Syvde, Vanylven Kommune

Nr	Høyringspart	Hovudmoment frå uttale	Søkjar sin kommentar
7	Aksnes Utmarkslag, Lauvstad	Medlemmer av utmarkslaget har eigedomsrett til austre delar av Tennevatnet og beiterettar rundt vatnet. Under føresetnad av at det ikkje vert regulering eller gjort inngrep i vassosen har ikkje Asknes Utmarkslag merknader til søknaden.	OK. Tennevatnet vert ikkje regulert og dam og inntak vil ligge nedstraums vassosen.
8	Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)	Ingen merknad	OK
9	Ålesund og Sunnmøre Turistforening	Stiller seg bak uttalen til Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, sjå pkt 3.	OK. Sjå kommentarar pkt 3.

For Tenneelva Fallrettseigarlag

05.06.13 /Bystøl AS
Jens Melheim